

BIR Privat AS
Postboks 6004
5892 Bergen

Bergen 15. juni 2016

Kommentarar til BIRs avfalls- og ressursstrategi for 2016 – 2020

BIRs avfalls- og ressursstrategi vart november 2015 sendt til eigarkommunane med høyringsfrist 1. mars 2016. Naturvernforbundet Hordaland oppdaga dette etter at fristen var ute. Fristen vart utsett til 15. juni 2016 etter nærare avtale med BIR.

Naturvernforbundet Hordaland ber om at strategiar og handlingsplanar som skal på høyring framover vert sendt til alle relevante høyringspartar og at BIR inviterar til å reelt medverka.

BIRs avfalls- og ressursstrategi manglar ein bærekraftig visjon for ressurs- og avfallshandsaming i Bergensområdet. Det er alt for diffust at BIR skal ta vare på ressursane i avfallet gjennom avfallshandsaming og forbrenning. Tiltaka bør vera med om andre skal greie å setta seg inn i strategien. Om det ikkje vert gjort bør strategien leia mot konkrete handlingsplanar med klare mål og metodar. Har de vurdert å hente inn relevante målsettingar og tiltak frå Oslo kommunes klima- og energistrategi “Det grønne skiftet”? Det er vanskeleg å gje innspel når ein ikkje kjenner til fleire detaljer. Naturvernforbundet Hordaland ber om at tiltaka vert beskrive slik at uavhengige partar kan setta seg inn i sakene og gi konstruktive innspel.

Konsernstrategien hjå BIR dannar grunnlaget for avfalls- og ressursstrategien. Eit av hovudpunkta foruset at gjenvinningsgraden er over 82 prosent som ei miljøfremmande teneste. Som det vert skrive i kapittel fira -Mål for gjenvinning- er signala frå EU at utnytting av materialressursar skal vega tyngre enn energiutnytting. Naturvernforbundet Hordaland meiner at forbrenning med energiutnytting ikkje må blandast saman med gjenvinning. Energiutnytting handlar om å utnytta ein ressurs kor det ikkje er mogeleg å gjenvinna materiala. Det kan ikkje leggst til rette for økt material- og energigjenvinningsgrad som det vert skrive i kapittelet “Klima- og miljøpådriver”. I staden bør det leggst til rette for auka materialgjenvinning, til dømes 50% innan 2018 som i Oslo kommunes klimaplan, “Det grønne skiftet 2015”. Det må og leggjast til rett før betre sortering av produkt som kan førast tilbake i ulike produksjonslinjer. Dette er i tråd med auka krav til materialgjenvinning i EU. Korleis skal BIR utvikla løysningar som gjer det enklare for innbyggjarane å kjeldesortera? Innbyggjarane fortener gode system for heimesortering av alle fraksjonar (papp/papir, plast, glass/metal, farleg avfall/EE-avfall og matavfall. Dette bør komma i tillegg til tilbod om å sortera ut matavfallet. Avgiftsmodellen bør også endrast så det løner seg betre å kjeldesortera alt avfall som kan gjenvinnast.

Vidare i kapittel fira vert det skrive at “Energigjenvinning skal skje med “optimal miks av avfall”, dvs. hindre forbrenning av avfall med liten eller ingen brennverdi og som utgjør en risiko for stopp i anlegget som krever uforholdmessig mye bruk av kjemikalier. Avfall som destrueres av hensyn til sitt innhold av miljøgifter, skal energigjenvinnes.” Korleis heng dette saman med at matavfallet ikkje skal samlast inn for seg for mellom anna å auka brennverdien

i avfallet? De skriv at problemet med å samla inn matavfall er tilbakeføring av bioest til landbruket på Vestlandet. Har de vurdert klimaeffekten av å erstatta dagens torvjord frå mellom anna hagesentra med kompostjord? Kor mykje av klimagassutsleppet frå torvmyrer kan sparast ved å erstatta torvjord med kompostjord frå mat- og hageavfall?

I kapittel Klima- og miljøpådrivar står det at BIR skal gjera kvalifiserte vurderingar av kva for klimatiltak som bør prioriterast. Vidare står det skrive at eigne utslepp fyrst må kartleggast etter internasjonale anerkjente metodar. Dette gjer BIR som deltakar i Klimapartner Hordaland. Kan de konkret greia ut kva før tiltak som vert gjort, korleis og kva tid det vert gjort?

Under kapittel “Innsamling og transport av avfall” skriv de at “Transportsektoren står for de klart største utslippsreduksjonene i alle de tre tiltakspakkene.” Det står og skrive at “Det vil lages en plan for reduksjon av utslipp fra innsamlingskjøretøy i hele BIR-området. Kor stor del av utsleppa kjem frå transport hjå BIR? Kor mykje kjem frå transport av returtreverk og restavfall til Sverige? Kor mykje kjem frå dei andre sektorane som er representert hjå BIR? Har de vurdert mengden metangass i deponia og utviklinga framover?

I samband med CO₂-fangst og lagring, vert det skrive at “BIRs største CO₂ utslipp oppstår i forbrenningsprosessen ved energianlegget.” Kan de tallfesta dette? Kor stort er potensialet for auka materialgjenvinning ved å sortera ut til dømes hardplast frå næringskundar og kor mykje kan CO₂-utsleppet reduserast? Kva er klimaeffekten ved å erstatta fossil olje med biogass i opp-/nedkjøring av forbrenningsanlegget? Det kan tyda på at mykje av returtreverket vert sendt til Sverige for å brennast i dag. Kva med å innføra treverket i forbrenninga, redusera mengda hydrokarboner og våtorganisk. Korleis vil det verka på brennverdien og på CO₂-utsleppa?

Korleis vil BIR følgja opp prosessen mot statleg økonomisk støtte og kvifor er det vanskelegare å finanisera eit karbonfangst- og lagringsanlegg i Bergen samanlikna med Oslo?

Naturvernforbundet Hordaland vonar at BIR set ambisiøse mål for å redusera både biologiske og fossile klimagassutsleppa og betre nytta ressursane i framtida.

Naturvernforbundet Hordaland bidrar gjerne meir aktivt i det vidare arbeidet så langt det er tilstrekkeleg kapasitet og ressursar hjå frivillige eller tilsette.

Med vennleg hilsen

Bjarne Nasset
Nestleiar

Nils Tore Skogland
Dagleg leiar